



VAL

100 ÅR

MED ALLMENN
RØYSTERETT
FOR KVINNER



Partia sine nominasjonar: Kor stor rolle spelar listeplassering og røystetillegg eigentleg?

Denne brosjyren har to formål:

- å setje søkjelyset på nøkkelrolla partia og særleg nominasjonskomiteane har i arbeidet med å skape ei jamnare kjønnsfordeling i kommunestyre og i kommunepolitiske maktposisjonar.
- å vise korleis nominasjonskomiteane konkret kan gå fram dersom dei ønskjer å få fleire kvinner inn i kommunestyra.

Sjølv om kvinnedelen både på listene og i dei kommunale organa har auka, er det langt att til kvinner og menn er likt representerte. Ved kommunestyrevalet i 2007 blei det valt inn 37,5 prosent kvinner i norske kommunestyre, og for leiarposisjonane var kjønnsfordelinga endå skeivare. 23 prosent ser ut til å vere det magiske talet: Berre 23 prosent av ordførarane i landet er kvinner, delen kvinner som leier dei viktige kommunale styra, råda og utvala er 23 prosent, og 23 prosent av toppkandidatane på vallistene var kvinner.

Valforskinga viser at partia har eit viktig ansvar for å sikre balanse mellom kjønna i kommunestyre og andre kommunale tillitsverv. Dersom eit listeforslag har auka kvinne-representasjon som eit mål, er oppskrifta enkel:

- Det vil gi ei jamnare kjønnsfordeling dersom ein set opp annankvar kvinne og mann på lista.
- Listeforslaget kan sørge for balanse ved å gi like mange kvinner som menn røystetillegg. Hugs: Den mest synlege plassen er førsteplassen!



Listesamansetjinga har mykje å seie

Måten vallistene er sette opp på, har mykje å seie for kor mange frå kvart kjønn som blir valde inn i *kommunestyra*. Plasseringa på lista har dessutan noko å seie for kven som er aktuelle som *ordførarkandidatar*. Vidare er det slik at kommunelova har føresegner om at kommunale *utval, styre og råd* skal ha ei kjønnsfordeling som er slik at kvart kjønn skal utgjere minst 40 prosent av medlemmene. Frå 2010 gjeld 40-prosentsregelen også kommunale aksjeselskap der kommunen har ein eigardel på meir enn 2/3 av aksjane.

Kommunestyra er ofte rekrutteringsbase for verva til styre og råd. Derfor er det også viktig at ein sikrar ei god kjønnsfordeling når ein rekrutterer inn til lokalpolitikken. Forskinga viser at samansetjinga av listene og listeplasseringa til enkeltkandidatar er dei viktigaste verkemidla for å få dette til.

Mange verv å fordele

I ein norsk gjennomsnittskommune blir det i snitt fordelt 130 ulike verv til 33 ulike styre, råd og utval etter eit kommunestyreval. Dei fleste leiarverva går til menn. For å få endra denne situasjonen er det avgjerande å få til ei breiare rekruttering av kvinner til vallistene og til kommunestyra. Gjennom ein aktiv og målretta innsats i nominasjonsprosessane kan partia ha stor innverknad på kven som blir valde inn.

Kva kan parti/lister gjere?

Både veljarane og partia har høve til å påverke den endelege samansetjinga av representantar i kommunestyra. Veljarane kan gi personrøyster til enkeltkandidatar, medan partia/listeforslaga kan prioritere visse kandidatar. Kva for kandidat som har fått eit slikt røystetillegg, går fram av røystesetelen der kandidatnamnet er merkt med utheva skrift. I praksis innber tillegget at dei utvalde kandidatane får eit forsprang på dei andre kandidatane – eit forsprang som utgjer 25 prosent av røystetalet til lista. Kva partia sine prioriteringar inneber, kan illustrerast med to døme:

Kandidatar med røystetillegg får eit forsprang

I det første dømet ser vi *ei liste utan personrøystene til veljarane*. Dei seks øvste kandidatane på lista har fått røystetillegg. La oss seie at 1000 veljarar røyster på denne lista, men ingen av dei gir personrøyster til nokon av kandidatane. Kva inneber det for valoppgjeret? Kvar gong denne lista blir lagt i valurna, får kandidatar med røystetillegg 0,25 stemmer. Med andre ord: Kvar av kandidatane utan røystetillegg får 0 personrøyster, medan kvar av kandidatane med røystetillegg endar opp med 250 personrøyster.

I dømet har altså seks kandidatar fått røystetillegg, dvs. at dei har 250 personrøyster på desse 1000 røystesetlane. Dersom kandidat Trine Lie skal kunne gå forbi desse seks kandidatane som har fått røystetillegg, måtte 251 veljarar ha gitt henne ei personrøyst. Vi føreset då at *ingen* av dei seks kadidatane med røystetillegg har fått personrøyster frå veljarane.

1. Hilde Hauge

2. Lars Lie

3. Vibeke Vang

4. Tor Tomset

5. Liv Larsen

6. Jon Naustdal

7. Trine Lie

8. Trygve Larsen

9. Anne Helstad

10. Jan Espeland

.....

.....

20. Knut Asp

Kandidatar med røystetillegg får eit forsprang på 25 prosent på dei andre kandidatane

Kva skjer så når vi legg til personrøystene frå veljarane (slik dei røysta ved lokalvalet i 2007)?




Personrøystene til veljarane forsterkar prioriteringane til partia



Forskinga viser at veljarane oftast røystar på dei kandidatane som partia allereie har prioritert. Det viser seg at kandidatar som partia har gitt røystetillegg, får ekstra utteljing i form av fleire personrøyster frå veljarane.

Det andre dømet viser kva listeplassering hadde å seie for talet på personrøyster frå veljarane ved kommunestyrevalet i 2007. (Merk! Tala er gjennomsnittstal, og i utrekninga av dei er det teke omsyn til ei rekkje andre eigenskapar ved kandidatane, som tidlegare politisk erfaring, alder og kjønn.)



Dømet viser at toppkandidatane i gjennomsnitt fekk 51 personrøyster meir enn dei andre kandidatane. Også kandidatar med røystetillegg fekk mange fleire personrøyster samanlikna med kandidatar utan dette tillegget. I gjennomsnitt var røystetillegget åleine verdt 13 personrøyster. Valresultata frå 2007 viser endåtil at éin plass opp på lista åleine gav ei ekstra utteljing på 1,6 personrøyster. I dømet ovanfor ville det ha medført at kandidat nummer 10 (Jan Espeland), som står 10 plassar høgre opp på lista enn Knut Asp (kandidat nummer 20), ville ha fått 16 personrøyster meir enn kandidat nummer 20 (Knut Asp). Det å stå 10 plassar høgre opp på lista gav med andre ord åleine ei utteljing på 16 personrøyster ($10 \cdot 1,6 = 16$ personrøyster).

Utgjevar:

Kommunal- og regionaldepartementet
Akersg. 59, Postboks 81 12 Dep, 0032 Oslo
Telefon: 22 24 90 90 Faks: 22 24 27 70
E-post: postmottak@krd.dep.no
www.regjeringen.no/krd

Publikasjonskode: H-2246 N
Design: Servicesenteret for departementa
Illustrasjon: Morten Mørland
Trykk: Grøset
02/2010 – opplag 10 000

